



KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 11. august 2014
Stad: Kommunehuset – Møterom Børilden 3. etg
Kl.: 12.00 – 14.35
Tilstades: Solveig Hopen - leiar, Arne Kästel og David Sætre Ludvigsen
Innkalla:
Revisjon:
Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss
Forfall:

55/14 Selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap – oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i sak 059/14 og kontrollutvalet sin sak 51/14

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet utforma i sak 51/14 eit anbudsdokument. Anbudsdokumentet vart sendt til 8 ulike selskap med invitasjon til å komme med tilbod. Der er 5 selskap som har sendt inn tilbod. Alle selskapa tilfredsstiller krava som er satt til å kunne delta i anbodet.

Kontrollutvalet hadde utforma følgjande kriterier som skulle vektleggast:

- Fagleg forslag til løysing av oppdraget – 20 – 30 %
- Kompetanse og god kjennskap og erfaring frå tilsvarande saksområde – 15 – 20 %
- Leveringsdyktigheit - ønskeleg at ein kan ferdigstille ein rapport innan 80 dagar etter at ein har fått oppdraget – 10 – 15 %
- Pris – fast pris – 30 – 50 %
- Timepris – inntil 5 %

Dei fem selskapa som hadde levert inn tilbod var følgjande selskap og dei hadde gitt følgjande faste prisar på oppdraget eks mva:

- Rogaland Revisjon IKS – kr 147.000,- - i tillegg ville det komme utgifter til reise
- Ernst og Young – kr 160.000,-
- KPMG – kr 245.000,-
- Deloitte – kr 290.000,-
- BDO – kr 350.000,-

Alle selskapa tilfredsstilte dei formelle krava, slik at alle tilboda kunne akseptast. I vurderinga av den faglege og kompetansen til tilbydarane var der nokon forskjellar, men alle hadde eit fagleg forsvarleg opplegg. Alle selskapa lova å kunne levere innan den oppsette tidsfristen.

Kontrollutvalet valte å vektlegge dei ulike kriteria på følgjande måte:

- Fagleg forslag til løysing av oppdraget – 30 %
- Kompetanse og god kjennskap og erfaring frå tilsvarande saksområde – 20 %
- Leveringsdyktigheit - ønskeleg at ein kan ferdigstille ein rapport innan 80 dagar etter at ein har fått oppdraget – 10 %
- Pris – fast pris – 40 %
- Timepris – 0 %

Ved å vektlegge på den måten så vart fagleg forsvarleg løysing og kompetanse vektlagt så høgt som ein kunne innafor dei rammene som var gitt.

Ut i frå ei samla vurdering kom kontrollutvalet fram til at Ernst og Young hadde det beste tilbodet.

Kommunestyret har 06.05.14 i sak 059/14 vedteke at kommunestyret skal godkjenne kostnaden til selskapskontroll. Selskapskontrollen skal med det innkomne tilbodet frå Ernst og Young kunne gjennomførast for kr 160.000,-.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok å tildele oppdraget med selskapskontroll til Ernst og Young. Oppdraget har ein fast sum på kr 160.000,- eks mva. Tildelinga vert gjort under føresetnad av at kommunestyret løyver denne summen.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret løyver kr 160.000,- eks mva til gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap.

For at selskapskontrollen skal kunne gjennomførast på ein rasjonell og god måte føreset kommunestyret at AS Austrheim Næringssselskap og kommunen raskt og effektivt gir dei opplysningar som vert etterspurt.

Austrheim, 11.08.2014


Arne Kästel/ nestleiar


Solveig Hopen /leiar


David Sætre Ludvigsen /medlem


Bent Gunnar Næss/sekretær